



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nygjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norskleraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselærarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nygjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nygjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompesansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåva som tek i bruk andre innfallsinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «MAURENS MYSTISKE LIV» I NYSGJERRIGPER NR. 2-13

## Å beskrive nøyaktig

Å beskrive noko nøyaktig krev særleg to typar kompetanse. For det første må ein kunne observere det ein ser, og trekke fram element som er relevante. For det andre må ein beherske eit passande ordforråd for å skildre det ein har observert. I oppgåva skal elevane beskrive ein maur og ei køllebille for ein annen, og begge desse typane kompetanse vil bli utfordra. Dei fleste har ei førforståing av korleis ein maur ser ut, men har kanskje ikkje tenkt over detaljane. Ei køllebille, derimot, kan vere ukjend for dei fleste, og då må ein beskrive på ein annan måte.

Elevane bør sjølv oppleve at det å beskrive krev ein del av dei. Utfordre elevane til å vere presise og konkrete. Legg til dømes vekt på kva som skil mauren frå ein veps, ei fluge eller ein skolopender. Kva for kroppsdelar ser dei, korleis er forholdet mellom storleikane av dei ulike delane? Korleis er fargane, detaljane, mønsteret eller andre særtrekk?

Kanskje manglar elevane omgrep og kunnskap om insekt til å kunne beskrive dei nøyaktig. La dei oppdage dette sjølv. Etter kvart kan læraren supplere med noko basisinformasjon som at insekt er seksbeinte leddyr med tre delar: hovud, bryst og bakkropp. Hovudet harauge, munn og antenner. På brystet finn vi beina og eventuelt venger. Bakkroppen har dei fleste indre organa som hjarte og tarm, men få utstikkande delar. Nytt gjerne ei anna kjelde i tillegg for å gå djupare inn i stoffet. Kva er til dømes skilnaden på kjeven til mauren og køllebilla? Korleis beskriv ein auga til mauren, eller måten beina er bygde opp på?

FOTO: SHUTTERSTOCK



## Om Nygjerrigper

Nygjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasiens sin. Nygjerrigper vil auke interessa for forsking og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forsking som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskningsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på [nygjerrigper.no](http://nygjerrigper.no)





Av Tuva Bjørkvold



**Maurens mystiske liv**

Kor gammal har ei maurfus? Og er det riktig at mange myter og rare historier om maur?

Høgskole-spesialistene Ole Dale og Hildegunn Pettersen fortel oss om maurer og på særleg ettermaurane sine spesialhunner på side 13. Og om hvordan de vokser opp for spreding av vegetasjon og verne av naturen. Det er også fortalt om hvordan man kan få økt produksjonen av naturen ved å øke arealene med grønt i hagen. Her finner du også artikkelen om korleis mauren lever i nært tilknytning til den arbeidsmauren Tortoise. Her finner du også artikkelen om korleis kongebøkene til den arbeidsmauren Duck.

**Les om:**  
Det aller første om maur, og hy der dei lever, er på side 12.  
Det er hyst og vennlig. Det blir frigjort et nytt ledd i den arbeidsmauren sin levetid, og han blir vokst i stor grad. Men i mer der det har millionar

**Bilde midt:** Edde-koppar og andre mindre kongebøkene som lever i nært tilknytning til den arbeidsmauren. Det gjenstår ikke mye annet enn en liten del kongebøk. De har ikke mye til å gjøre med å overleve, og formen er ikke bestemt av høyden og posisjonen. Det er også med i denne artikkelen om korleis mauren lever i nært tilknytning til den arbeidsmauren. Uansett så mye til høyden og høyde den har, den lever i nært tilknytning til den arbeidsmauren.

**Kongebøk-lever i nært tilknytning til den arbeidsmauren:**  
Foto: Ole Dale, Hildegunn Pettersen

**Miljø-forskeren:**  
Foto: Ole Dale, Hildegunn Pettersen

**Fotostillat på nært side:**  
Foto: Ole Dale, Hildegunn Pettersen

## Oppgåver til «Maurens mystiske liv»

### 1. Teikn ein maur og ei køllebille

Jobb saman to og to.

Jobb saman med å teikne ein maur og ei køllebille. De skal berre teikne insekta slik de trur dei er, ikkje leite etter informasjon.

### 2. Beskriv nøyaktig

Jobb saman to og to, kall dykk A og B.

A jobbar med side 13 og finn ut korleis køllebilla ser ut.

B jobbar med side 14 og finn ut korleis ein maur ser ut.

A beskriv køllebilla munnleg for B, som skal teikne billa utan å sjå i bladet. B beskriv mauren for A, som teiknar mauren.

Samanlikn teikningane dykker med dei frå oppgåve 1 og biletta i bladet.

### 3. Detektivlesing

- Kva er skilnaden mellom ein soldatmaur og ein arbeidsmaur?
- Kva for stadium går ein maur gjennom før han blir vaksen maur?
- Kvífor har ein ofte trudd at maurtua ligg sør for trea?

